



Barne- og familieminister
Kjell Ingolf Ropstad
Postboks 8036 Dep
0030 OSLO

Dato: 13.02.2019
Vår ref.: 2019/1667-2
Saksbehandlar: barhart
Dykkar ref.:

European Solidarity Corps

Viser til melding om at Noreg ikkje skal delta i European Solidarity Corps i 2019-2020, jf. pressemeldinga 22.01.2019. «Regjeringa har prioritert andre tiltak til barn og unge framfor å delta i EU-programmet European Solidarity Corps.» Dette vedtaket fører til store ulemper for oss.
Hordaland fylkeskommune har i mange år jobba strategisk med EU sitt program for frivillig arbeid i Europa. Dei siste fem åra har vi utvikla eit unikt læringstilbod for ungdomar som har falt ut av vidaregåande skule. Dette har vore ein suksess og er svært ettertrakta blant målgruppa. Tilboden er basert på EU-støtte gjennom Erasmus+: Aktiv Ungdom - European Voluntary service(EVS), som EU nyleg gjorde om til det nye programmet European Solidarity Corps. Vedtaket til regjeringa tar botnen ut av dette unike tilboden til ei sårbar gruppe ungdomar og gjer det vanskeleg for oss å tenke strategisk og langsigktig.

Hordaland fylkeskommune har utvikla dette læringstilboden for ungdomar som står utan skoleplass eller arbeid. Oppfølgingstenesta i Hordaland kontaktar alle elever som har falt ut av vidaregåande skole, og inviterer til ei oppfølgingssamtale. Nokre av desse ungdomane ønskjer å arbeide som frivillige i Europa og takkar ja til å bli sendt ut som europeisk volontør. Vi tilbyr prosjekt med varierte arbeidsoppgåver og i ulike land. Saman med ungdomane diskuterer vi læringsmål og til slutt blir EU-vitnemålet Youthpass delt ut. Standardmodellen vår er at to ungdommar reiser i lag til eit frivillig prosjekt i to månader. Vi legg til rette for at flest mogleg i målgruppa vår kan delta og oppleve meistring. Målet med ordninga er å tilby desse ungdomane eit spennande og relevant læringsprosjekt («learning by doing»), og at ungdomar etter kvart kjem tilbake til skulen eller i arbeid. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har brukt vår modell som «best practice» og Hordaland fylkeskommune har vore invitert til å halde fleire foredrag nasjonalt og i utlandet for å fortelja om korleis vi jobbar.

Nøkkelen til suksessen er følgjande faktorar:

- Stor fleksibilitet. Fråfall skjer vanlegvis utan at det er planlagt, og vi gir tilboden til ungdomar gjennom heile året, utan søknadsfristar. Ungdomen banker på døra i dag og kan reise om berre nokre veker.
- Dette er eit gratis tilbod til våre ungdomar. Tilboden blir finansiert gjennom EU. Fleire i målgruppa kjem frå familiar med trond økonomi.
- Vi tilbyr praktiske arbeidsoppgåver, som arbeid med dyr, menneske og oppussingsarbeid. Vi finn alltid noko som ungdomane liker å arbeide med.
- Aktiv ungdomsmedverknad i heile prosessen. Indre motivasjon er viktig. Vi spør ungdomane kva dei vil jobbe med, kor lenge og kva eventuelle hindringar dei ser, og så legg vi til rette for at dei kan lykkast.
- Dette er eit tilbod med høgt inkluderingsperspektiv, og vi kan hjelpe dei aller fleste ungdomane. Vi ser på ressursane til ungdommane og tonar ned hindringane. Fylkeskommunen har sendt ut ungdomar med mange ulike typar diagnosar og utfordringar.

- Vi gir ekstra god oppfølging, både i den førebuande fasen, men ikkje minst i løpet av opphaldet. Vi har fått innvilga ekstra EU-stønad til dette («Reinforced mentorship»).
- Gjennom dette tilbodet lærer ungdommene at dei har noko å bidra med til andre. Dei ser at det er ei verd der ute med menneske i ulike livssituasjonar og våre ungdommar ser med nye auge på sin eigen situasjon.
- Vi har også sendt grupper med ungdomar på 14 dagars opphold. Ungdomane har arbeida som frivillige i 2 arbeidsveker og opplevd europeisk kultur på fritida. Dette er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Røde Kors Bergen, som har sendt frivillige med desse gruppene som gruppeleiarar.
- Etter heimkomst kan dei ungdomane som vil, bli sendt ut til endå eit frivillig langtids- prosjekt i Europa.
- Vi har utvikla sterke partnarskap rundt dette, der vertsgorganisasjonane veit kven målgruppa vår er og dei stiller med trygge kontaktpersonar og mentorar.

Hordaland fylkeskommune sendte ut 27 ungdomar gjennom dette programmet i 2018. Tilbakemeldingane etter fullført prosjekt er svært positive. Alle ungdomane seier at dei har opplevd meistring og at dei har lært noko nytt. Dei har blitt kjent med nye menneske, nye kulturar og ikkje minst med seg sjølv. Dei seier at dei er stolte av å ha klart dette og at det endeleg har kome noko positivt inn i deira liv. Fleire av ungdomane og foreldra deira melder fra om at dette er det einaste tilbodet som treff ungdomane sine behov. Nokre av ungdomane har falt ut av vidaregåande skule i fleire år på rad, har takka ja til dette tilbodet, fullført prosjektet sitt og opplevd meistring og motivasjon i høve til livssituasjonen sin. Dei foreldre som vi har vore i kontakt med ser positiv framgang.

Vi har nyleg starta eit Erasmus+ finansiert pilotprosjekt der vi har begynt å jobbe med frivillig arbeid i Europa innanfor yrkesopplæringa, som er eit tiltak for å førebu fråfall. På den korte tida som vi har jobba med dette ser vi at ungdomar som stod i fare for å falle ut, har endra haldninga etter å ha fått tilbod om eit korttids frivillig opphold i Europa som ein del av skuletida. Vi har passa på at dei frivillige arbeidsoppgåvene er direkte relevant i forhold til skulefaga deira, slik at det kan bli godkjent som ein del av opplæringsprogrammet.

Det er klart at ei lik satsing fungerer berre om vi kan arbeide strategisk og langsiktig med dette. Vi er avhengig av gode samarbeidspartnarar, både i regionen vår og i Europa. OT-rådgjevarar og andre samarbeidspartnare som NAV-ungdomsmottak Bergen, kommunar, frivillige organisasjonar og vidaregåande skuler har fått informasjon om dette, slik at dei kan nå ut til målgruppa vår. I tillegg har vi brukt mye tid og krefter på å få gode og trygge samarbeidspartnare i Europa, som vi vet vi kan stole på og sende ungdommene til. Dette krev målretta og langsiktig innsats.

Vi oppmodar sterkt til at Noreg blir med i European Solidarity Corps, slik at vi kan halde fram med å hjelpe ungdom med spesielle utfordringar. Dette er ei ordning som dei andre fylka i Noreg også kan nytte seg av.

Bård Sandal
Direktør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.